

Notat

Dato: 12.08.2019
Arkivsak: 2019/9964-2
Saksbehandlar: petgull

Til: Fylkesvalstyret for Vestland

Frå: Prosjektleiar Rune Haugsdal

Orientering om motteke valliste frå Alliansen

Partiet Alliansen leverte 25. mars 2019 sitt forslag til valliste for fylkestingsvalet 2019.

I vedlegg til forslaget heiter det at «*Ytterligere navn og underskrifter ettersendes senest 24. april 2019.*» Alliansen sende aldri slik ytterlegare dokumentasjon. Innlevert listeforslag tilfredsstiller ikkje valglova sine krav til listeforslag når det gjeld tal kandidatnamn eller tal underskrifter, jf. valglova §§ 6-2 og 6-3.

Ved ein feil har innlevert listeforslag blitt journalført utan at det er blitt fordelt til ein saksbehandlar. Alliansen sitt listeforslag vart difor ikkje behandla i fylkesvalstyret sitt møte 23. mai 2019. Frist for godkjenning av listeforslag var i år 3. juni, jf. valgloven §§ 6-6 (2) og 15-5 (3). Dette inneber at det ikkje lenger er høve til å godkjenne listeforslag.

Administrasjonen har teke kontakt med Valgdirektoratet for rettleiing. Valgdirektoratet har oppmoda om at Alliansen vert informert om tilhøve og deira klagerett.

Administrasjonen har ved brev datert 11. juli 2019 orientert Alliansen om tilhøve og deira rett etter valglova til å klage over omstende i samband med førebuinga og gjennomføringa av fylkestingsvalet. Klagefristen er sju dagar etter valldagen eller sju dagar etter valloppgjeret dersom klaga gjeld dette.

Per 12. august 2019 er det ikkje kome inn noko klage.

Vedlegg

Brev datert 11. juli 2019

